

STYREPROTOKOLL

Tysdag **17. september 2019** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Astri Furumo.

MØTESTAD:	Tysvær Rådhus, kantinen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 16.00 – 17.40
STYREMEDLEMMER SOM MØTTE:	Astri Furumo og Siv Bente Stople Østbø
VARAMEDLEM SOM MØTTE:	Randi I. Rettedal
FORFALL:	Simon Nässe (på kort varsel)
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Toril Hallsjø (fråtrede i sak 16)
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
INNKALLING:	Godkjent (utsending pr. e-post 11.09.19). Styreleiar takka Rettedal for at ho fleire gonger har kunne møte på kort varsel.
SAKSLISTE:	Godkjent

Følgjande saker blei handsama:

SAK 13/19 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 09.04.19

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:
Protokoll frå styremøte 09.04.19 blir godkjent.

Styrehandsaming 17.09.19:
Styret hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak 17.09.19:

Protokoll frå styremøte 09.04.19 blir godkjent.

SAK 14/19 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 17.09.19

14. Protokoll frå representantskapsmøtet den 06.05.19 i HKS IKS
15. Ny forskrift om kontrollutvalg og revisjon, fastsett 22.06.19 (§§ 10-20 utelatt)
16. Brønnøysundreg. 22.06.19 - Stadfesting på motteken og godkjend årsrekneskap for 2018
17. FKT 01.07.19 - Val av kontrollutval for perioden 2019 -2023
18. FKT 01.07.19 – Div. info.

19. KSbedrift 28.08.19 - Ny arkivlov på høyring – mange selskap kan få nye dokumentasjonskrav
20. NKRF 22.08.19 – «Rettsikkerhet – en del av felleskapets verdier»
21. IKA Rogaland IKS – brev 10.09.19 om endring av selskapsavtale

Styrehandsaming 17.09.19:

Dagleg leiar orienterte og styret kommenterte. Styret var oppteken at nyvalte folkevalde til kontrollutval fekk god opplæring, og også den same opplæringa som kommunestyrerepresentantane. Dagleg leiar vil sende brev til IKA om representantskapsvedtaket. Elles ingen særskilde merknader.

Samrøystes vedtak 17.09.19:

Styret tar referatsakene 14 - 21 til orientering.

SAK 15/19 – STATUSOVERSIKT PR SEPTEMBER 2019

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Statusoversikt pr. september 2019 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 17.09.19:

Dagleg leiar informerte om status for arbeidssituasjon, økonomi og planar. Økonomirapport pr. 17.09.19 blei delt ut. Styremedlem Stople Østbø etterlyste periodisering av regnskapet opp mot budsjett og opp mot forbruk på same tid i fjor. Dagleg leiar gjekk god for at budsjettet var under kontroll. Styret hadde ingen andre merknader.

Samrøystes vedtak 17.09.19:

Statusoversikt pr. september 2019 blir tatt til orientering.

SAK 16/19 – LØNNSFORHANDLINGAR 2019

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Styret gjer styreleiar fullmakt til å fastsette ny løn for dagleg leiar og forhandle om ny løn til rådgjevar, gjeldande frå 01.05.19 i eige forhandlingsmøte.

Forhandlingane må vere avslutta innan 1. november og dato for forhandlingsmøtet vert tilpassa styreleiar og arbeidstakar sin forhandlar.

Styrehandsaming 17.09.19:

Krava var sendt ut i forkant (unntatt off. – OFL § 23.1) og delt ut i møtet. Dagleg leiar gjekk frå møtet under handsaming av saka. Styret drøfta saka. Dei blei samd om at styreleiar har eit medlem som ho kan kontakte og konferere med under forhandlingane.

Samrøystes vedtak 17.09.19:

Styret gjer styreleiar og eit styremedlem fullmakt til å fastsette ny løn for dagleg leiar og forhandle om ny løn til rådgjevar, gjeldande frå 01.05.19 i eige forhandlingsmøte.

Forhandlingane må vere avslutta innan 1. november og dato for forhandlingsmøtet vert tilpassa styreleiar og arbeidstakar sin forhandlar.

EVENTUELT

Ingen saker var meldt eller blei tatt opp.

Neste styremøte er planlagt til **onsdag 4. desember**. Møtet vert, som tidlegare år, lagt til Haugesund og det vil bli invitert til julemiddag med styret og dei tilsette i etterkant av møtet.

Aksdal, 17. september 2019

Astri Furumo (sign.)
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar